

Hyllestad  
kommune

# Vedtekter Hyllestad barnehage

Vedteke av Hyllestad kommunestyre 13.09.2018



<b>INNHOLD .....</b>	<b>2</b>
1 EIGAR, LOV OG REGLEMENT .....	3
1.1 EIGAR .....	3
1.2 FORVALTNINGSANSVARET.....	3
1.3 FORELDRERÅD OG SAMARBEIDSUTVAL .....	3
2 FØREMÅL.....	3
2.1 FØREMÅL .....	3
2.2 MÅLFORMA.....	3
3 OPPTAKSMYNDE.....	4
3.1 OPPTAK .....	4
3.2 KLAGERETT .....	4
4 OPPTAKSKRITERIA .....	4
4.1 BARNEHAGETILBODET .....	4
4.2 FØRERETT VED OPPTAK .....	4
4.3 ALDERSFORDELING .....	4
5 OPPTAKSPERIODE OG OPPSEIINGSFRIST .....	5
5.1 SØKNAD OM OPPTAK .....	5
5.2 OPPTAK UTANOM HOVUDOPPTAKET .....	5
5.3 OPPSEIING AV BARNEHAGEPlass .....	5
6 OPNINGSTIDER OG FERIEAVVIKLING.....	5
6.1 OPNINGSTIDER.....	6
6.2 FERIEAVVIKLING.....	6
6.3 KURS- OG PLANLEGGINGSDAGAR .....	6
7 FORELDREBETALING .....	6
7.1 FORELDREBETALING .....	6
7.2 KJØP AV EKSTRA TIMAR .....	6
8 AREALUTNYTTING .....	6
9 STYRARPLIKT VED SJUKDOM HJÅ BARN.....	7
9.1 AVGJERDSMYNDE .....	7
9.2 VARSLINGSPLIKT .....	7
10 UTLEIGE .....	7
11 TEIEPLIKT .....	7
12 OVERTIDSGBEYR.....	7



# **EIGAR, LOV OG REGLEMENT**

## **1.1 EIGAR**

Hyllestad kommune er eigar av barnehagen.

Hyllestad barnehage skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar (barnehagelova), samt gjeldande føresegner og retningslinjer, Rammeplan for barnehagar med innhald og oppgåver fastsette av Kunnskapsdepartementet, kommunale vedtak.

## **1.2 FORVALTNINGSANSVARET**

Kommunestyret har ansvaret for forvaltninga og tilsynet av barnehagen.

## **1.3 FORELDRERÅD OG SAMARBEIDSUTVAL**

Barnehagen har foreldreråd og samarbeidsutval. Jfr. Lov om barnehagar § 4.

Foreldrerådet ved barnehagen er samansett av alle foreldre/føresette med barn i barnehagen. Styrar skal i samråd med foreldre kalle inn til konstituerande møte seinast 4 veker etter at barnehageåret har teke til.

Samarbeidsutvalet si samansetjing med vararepresentant og funksjonstid

- 1 rep. frå foreldrerådet, 1 år med høve til omval.
- 1 rep. frå dei tilsette, 1 år med høve til omval.
- 1 rep. frå kommunestyret, følgjer valbolken.

Styrar har møte-, tale- og framleggsrett, jfr. føresegne kap. 2, § 8. Styrar skal i samråd med foreldre og tilsette kalle inn til konstituerande møte seinast 4 veker etter at barnehageåret har teke til.

# **2 FØREMÅL**

## **2.1 FØREMÅL**

*Lov om barnehagar § 1:*

*«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfalte skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»*

## **2.2 MÅLFORMA**

Målforma i Hyllestad barnehage skal vere nynorsk.

## 3 OPPTAKSMYNDE

### 3.1 OPPTAK

Hovudopptak vert utført av leiing for oppvekst og barnehage.

### 3.2 KLAGERETT

Søkjar kan klage på avslag på søknad om barnehageplass. Søkjar kan også klage, når verken første eller andre ynskje er oppfylt. Klagen må vere skriftleg. Klagefristen er 3 veker. Klagen skal stilast til det organ som fatta vedtaket. Vert ikkje klagen imøtekomen vert klagen sendt til kommunen sin klageinstans (formannskapet).

## 4 OPPTAKSKRITERIA

### 4.1 BARNEHAGETILBODET

Kommunen har eit hovudopptak med søknadsfrist 15. mars.

I utgangspunktet skal kommunen kunne tilby barnehageplass til alle som søker. Dersom dette ikkje let seg gjere, skal behov hjå barnet setjast først, dinest foreldre/føresette sine behov og familien sin økonomi. Avgjerdene skal baserast på ei heilskapsvurdering.

### 4.2 FØRERETT VED OPPTAK

Ved opptak gjeld følgjande prioritering:

1. Barn med nedsett funksjonsevne barnehageloven §13 og barn med tiltak etter §§ 4-12 og 4-4 i Lov om barnevernstenester.
2. Barn som etter sakkunnig vurdering har trond for barnehageplass, og ikkje har kome med etter pkt. 1.
3. Barn som har foreldre/føresette som er langvarig sjuke eller fråverande.
4. Barn med einslege forsytarar.
5. Barn som har søsknen som har plass i barnehagen.
6. For dei som elles står likt, vert den med høgst alder prioritert, samt omsyn til bustad og foreldra sin arbeidssituasjon.

Barnehagen har 100% plass og 60% plass.

Born frå Hyllestad kommune vert prioritert ved opptak. Ved ledig kapasitet kan born frå andre kommunar få plass for eit barnehageår om gongen.

### 4.3 ALDERSFORDELING

Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det søker om barnehageplass, har



etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august.

Barn som fyller eit år i september, oktober eller november, har etter søknad rett til å få plass i barnehagen innan utgangen av den månaden barnet fyller eitt år. Jf. Barnehagelova § 12a.

Eit barn under 3 år skal reknast som 2 barn over 3 år i arealsamanheng.

Barna beheld 100% eller 60% barnehageplass til skulestart, vert oppsagde, eller foreldra/føresette sender skriftleg oppseiing.

## 5 OPPTAKSPERIODE OG OPPSEIINGSFRIST

### 5.1 SØKNAD OM OPPTAK

Barnehageåret fylgjer skuleåret.

Søknadsfrist for hovudopptak er 15. mars.

Søknad om opptak skjer på elektronisk skjema som ligg på heimesida til kommunen

[www.hyllestad.kommune.no](http://www.hyllestad.kommune.no) Evt. helse-opplysningar om barnet, som barnehagen kan ha trong for, kan ein sende som vedlegg til søknadsskjemaet.

### 5.2 OPPTAK UTANOM HOVUDOPPTAKET

Dei søker som ikkje vert imøtekomne ved hovudopptaket om våren, vert sette på ei prioritert venteliste, og kan imøtekomast etter kvart som det vert ledige plassar, under føresetnad av at det ikkje kjem inn søker med høgre prioritet etter pkt. 4.2.

Barnehagestyrra føretar opptak i einskildtilfelle gjennom året, viss der er ledige plassar i barnehagen. Det er inntaksstopp i barnehagen etter 1. mai kvart år til nytt barnehageår.

### 5.3 OPPSEIING AV BARNEHAGEPPLASS

Oppseiing av plass/reduksjon av plass skal vere skriftleg og skal sendast til barnehagen.

Oppseiingsfristen er gjensidig og gjeld 1 månad frå den dato ein seier opp plassen. Det må betalast for oppseiingsmånaden, og barnehageplassen kan nyttast i oppseiingstida.

Ein kan ikkje halde på ein plass utan at det vert betalt for han. Dette gjeld også for barn med langt sjukefråvære.

Det er ikkje høve å seie opp barnehageplassen etter 1. april kvart år. Ein må såleis betale for plassen ut heile barnehageåret.

Seier ein opp plassen frå 1. april, kan ein nytte plassen ut april månad det året. I spesielle høve kan det søkjast om dispensasjon frå dette punktet.

## 6 OPNINGSTIDER OG FERIEAVVIKLING



## **6.1 OPNINGSTIDER**

Den daglege opningstida er mellom 06.45 og 16.15 måndag til fredag.

Barnehagen er stengde på helge- og høgtidsdagar, samt jule- og nyttårsaftan og frå kl. 12.00 på onsdag før skjærtorsdag.

For kvart barnehageår vert det sett opp ei "barnehagerute" som vert samordna med skuleruta og gjort kjent for foreldra når barnehageåret tek til om hausten.

## **6.2 FERIEAVVIKLING**

Barna skal ha 4 veker ferie gjennom året. Av dette 3 veker sommarferie. Barnehagen er stengt dei 3 siste vekene i juli (kommunestyrevedta sak 70/09). Den 4. ferieveka til barna inngår i planleggingsdagane til barnehagane.

## **6.3 KURS- OG PLANLEGGINGSDAGAR**

På grunn av kurs- og planlegging har barnehagen stengt 5 dagar i løpet av barnehageåret. Kurs- og planleggingsdagane bør avviklast på ein måte som er minst mogleg til ulempe for brukarane.

# **7 FORELDREBETALING**

## **7.1 FORELDREBETALING**

Jfr. Lov om barnehager §15. Foreldrebetaling og forskrift om foreldrebetaling i barnehagar. Kommunen fylgjer maksimalgrensa for 100 % barnehageplass som blir fastsett i Stortingets sitt årlege budsjettvedtak. Kommunestyret fastset satsane for redusert opphold i barnehagane og reglar for søskenmoderasjon.

Satsane vert som hovudregel gjort gjeldande frå 1.1. kvart år, men kan i særlege høve endrast frå starten av nytt barnehageår i samband med dei årlege budsjettjusteringane. Kunngjering på heimesida til kommunen. Innbetalinga skal skje mot tilsend rekning og til fastsett frist.

## **7.2 KJØP AV EKSTRA TIMAR**

Ved ledige plassar er det høye å kjøpe ekstra timer/einskilde dagar til ein sats fastsett av kommunestyre. Dette tilbodet gjeld berre for dei som allereie har plass i barnehagen.

# **8 AREALUTNYTTING**

Hyllestad barnehage har følgjande godkjende areal (nettoareal):

Areal	Ant.plassar
310 m <sup>2</sup>	54

Norm: Pr. barn 0-3 år, nettoareal 6 m<sup>2</sup>, brutto 10-13 m<sup>2</sup>.



## 9 STYRARPLIKT VED SJUKDOM HJÅ BARN

### 9.1 AVGJERDSMYNDE

Styraren i barnehagen avgjør i samråd med lækjar om eit barn på grunn av sjukdom mellombels ikkje kan vere i barnehagen av omsyn til dei andre barna og seg sjølv. Kan ikkje barnet fylgje dei daglege rutinane i barnehagen, så kan ikkje barnet vere i barnehagen.

### 9.2 VARSLINGSPLIKT

Styrar/pedagogisk leiar har plikt til å varsle lækjar og/eller foreldre/føresette om ulykke, sjukdom og mistanke om epidemiar. Foreldre/føresette har plikt til å varsle styrar når barna har smittsame sjukdommar.

Begrunna mistanke om barnemishandling skal utan opphold varslast til barnevernet.  
Barn med nedsett funksjonsevne skal i nært samråd og forståing med foreldra meldast til helsestasjon eller PPT-kontoret.

## 10 UTLEIGE

Barnehagen sine lokale kan leigast ut til foreiningar og lag i lokalmiljøet. Utleige skal helst og i særleg grad ha tilknyting til aktivitet til beste for barn og foreldre/føresette for etablering av eit positivt sosialt miljø i kommunen. Avgjerd om utleige vert gjort av styrar, som i kvart ein skild tilfelle må sjå til at utleige ikkje fører til ulempe for barnehagen.


### 11 TEIEPLIKT

Folkevalde, samarbeidsutvalet for barnehagen, dei tilsette i administrasjonen og i barnehagen har teieplikt om alle dei tilhøve dei vert kjende med om barn og foreldre/føresette i barnehagen.

## 12 OVERTIDSGBEYR

Dersom barn ikkje vert henta innan barnehagen stenger, kan foreldre/føresette verte pålagde å betale gebyr for kvar påbyrja halvtime overtid. Kommunestyret fastsett storleiken på gebyret for kvart år.





**Hyllestad**  
kommune

Lifjordvegen 7  
6957 HYLLESTAD  
[www.hyllestad.kommune.no](http://www.hyllestad.kommune.no)